



TEKNISK DRIFT PLAN OG FORVALTNING BREMANGER KOMMUNE

GEBYR FOR TEKNISKE TENESTER 2020

**Vedteke av kommunestyret 19.12.2019,
sak KST-072/19.**

GEBYR 2020 TEKNISK DRIFT/PLAN OG FORVALTNING

1. Fellingsavgift for hjort

Avgifta ligg innanfor statleg fastsett maksimalgrense (vaksne dyr kr 430 og kalv kr 261 pr 2019). Fylgjande avgift pr dyr:

	2018	2019	2020
Vaksne dyr	Kr 411	Kr 411	Kr 430
Kalv	Kr 100	Kr 100	Kr 0

Sal av hjortekjøtt

Kr 70 eks. mva pr kg for dyr tildelt som skadeløve

Kr 100 eks. mva pr kg for feilskotne dyr, der kommunen får melding før deling av kjøtet

Kr 150 eks. mva pr kg for feilskotne dyr, der det ikkje er meldt frå til kommunen om feilskyting

2. Gebyr for feiing/tilsyn

Gebyret er utrekna frå gjennomsnittskostnad med tilsyn (minimum kvart 5. år) og feiing etter behov. Krav om feiing/tilsyn heimla i "Forskrift om brannforebygging» av 17.12.15. Årsgebyret er tilpassa gebyret til Kinn kommune, som utfører tenesta for Bremanger.

Feiing pr pipeløp pr. år

kr 396,- eks. mva.

Tilleggsgebyr for ikkje køyrbar veg, pr eigedom

kr 199,- eks. mva

Kontroll av piper

Trykkprøving, kamerakontroll, visuell kontroll og fresing av pipe vert fakturert etter satsane til Kinn kommune/medgått tid. Timepris og køyring kjem i tillegg.

3. Gebyrregulativ for vatn og avlaup

Gebyret er utrekna på grunnlag av sjølvkost, og skal avreknast over ei 4 års periode. Inndeling av gebyrklasser er i samsvar med kommunal forskrift for vass- og avlaupsgebyr.

Meirverdiavgift kjem i tillegg for alle beløp.

3.1 Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr)

Bustader og fritidsbustader betaler standardsats for tilknytning, for andre eigedommar vert tilknytingsgebyret fastsett ut frå dimensjon på inntaks- og avlaupsleidning

Standardsats (S)	2017	2018	2019	2020
Vatn	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000
Avlaup	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000	Kr 15 000

3.2 Årsgebyr

3.2.1 Abonnementsgebyr

Bustader og fritidsbustader betaler abonnementsgebyr tilsvarende normalsats (1N) pr bueining. For alle andre eigedommar blir abonnementsgebyret fastsett etter dimensjon på inntaks- og avlaupsleidning. Normalsatsen for abonnementsgebyret er auka med 6 % for vatn og 5 % for avlaup.

Normalsats	2018	2019	2020
Vatn	Kr 2 000	Kr 2 200	Kr 2 250
Avlaup	Kr 870	Kr 870	Kr 890

3.2.2 Forbruksgebyr

Abonnentar som har installert vassmålar betaler forbruksgebyr etter målt forbruk. Forbruksgebyret er auka med ca 6 % for vatn og ca 5 % for avlaup.

Pris pr m ³	2018	2019	2020
Vatn	Kr 17,30	Kr 18,50	Kr 19,61
Avlaup	Kr 11,-	Kr 11,-	Kr 11,55

Bustader som ikkje har installert vassmålar betaler etter stipulert forbruk.

Kategori	Bustader <100 m ²		Bustader 100-250 m ²		Bustader over 250 m ²	
	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris
Vatn	100 m ³	Kr 1 960,-	225 m ³	Kr 4 410,-	365 m ³	Kr 7 160,-
Avlaup	100 m ³	Kr 1 155,-	225 m ³	Kr 2 600,-	365 m ³	Kr 4 215,-

Fritids-/hytteabonnentar som ikkje har installert vassmålar betaler etter stipulert forbruk basert på areal med ein omrekningfaktor på 0,4 (forventa brukstid 40 %)

Kategori	Fritidsbust. <100 m ²		Fritidsb. 100-250 m ²		Fritidsb. over 250 m ²	
	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris	Forbruk	Pris
Vatn	40 m ³	Kr 785,-	90 m ³	Kr 1 765,-	145 m ³	Kr 2 845,-
Avlaup	40 m ³	Kr 460,-	90 m ³	Kr 1 040,-	145 m ³	Kr 1 675,-

4. Gebyrregulativ for konsesjonssaker og delingssaker etter jordlova

Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker og delingssaker av 14.12.11

	Enkle/kurrante saker	Andre saker
Konsesjonssaker	Kr 2 000,-	Kr 5 000,-
Delingssaker, jordlova §12	Kr 1 000,-	Kr 2 000,-

Det skal ikkje krevjast gebyr når nære slektningar (odelsrett) søker konsesjon fordi at ein ikkje skal oppfylle lovbestemt buplikt. Satsen for konsesjonssaker tilsvarar maksimalsatsen etter forskrifta. Gebyra er uendra frå 2019.

5. Gebyr for handsaming av søknad om utsleppsløyve frå private avlaupsanlegg med heimel i Forskrift om begrensing av forurensing §11-4.

	2018	2019	2020
Utsleppsløyve, separat anlegg, ein bustad/fritidsbustad	1 775,-	1 825,-	1 880,-
Utsleppsløyve, separat anlegg, inntil 50 pe	2 955,-	3 038,-	3 130,-

Gebyra vert auka med 3,0 % for 2020. Gebyr for tiltak etter plan- og bygningslova kjem i tillegg.

6. Gebyr for graveløyve og avkøyrsløyve frå kommunal veg

	2019 (nytt gebyr)	2020
Handsaming av graveløyve	Kr 900	Kr 930,-
Avkøyrsløyve	Kr 1 000	Kr 1 030,-

Gebyret vert auka med om lag 3 % for 2020.

7. Gebyrregulativ for tenester etter plan- og bygningslova.

Gebyret er fastsett med heimel i Pbl. §33-1. Gebyrsatsane er auka med 3 % for 2020, runda av til næraste 100 kr/10 kr. Enkelte gebyrsatsar (*) er uendra, og enkelte gebyrsatsar (**) er auka ytterlegare pga meirarbeid.

7.1 Føresetnader for gebyret

Gebyret omfattar sakshandsaming, godkjenning av ansvarsrett for føretak med sentral godkjenning og fyrste gongs førehandskonferanse. Gebyret vert kravd av tiltakshavar.

7.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr, uavhengig av utfallet i saka og om tiltaket faktisk vert gjennomført.

7.3 Tidspunkt for avrekning av gebyr

Gebyret vert utrekna frå det regulativ som gjeld når fullstendig søknad er motteken av kommunen.

7.4 Reduksjon i gebyret ved komplett søknad

For komplett søknad ved fyrste innsending vert det gjeve 20 % reduksjon i gebyret. For å bli rekna som komplett innlevert søknad skal alle naudsynte vedlegg og utgreiingar, og søknaden skal vere tilfredsstillande utfylt.

7.5 Fleire tiltak i ein søknad

Ved byggjemelding av fleire tiltak samstundes, skal det reknast gebyr for kvart tiltak.

7.6 Fornyng av byggjeløyve

Vert rekna som ny søknad.

7.7 Søknad om rammeløyve og igongsetjing

Ved søknad om rammeløyve vert det fakturert handsamingsgebyr for heile tiltaket. Dersom det samstundes vert gjeve igongsetjingsløyve skal det ikkje reknast eige gebyr for dette. Elles vert igongsetjingsløyve fakturert som 10 % av gebyr for tiltakstypen.

7.8 Bruksendring

For bruksendring der det ikkje vert gjort ombygging skal det betalast 50 % av fullt gebyr for den kategori bygget skal nyttast til. Ved bruksendring der det vert gjort ombygging skal det betalast etter satsane for ombygging for den kategori bygget skal nyttast til.

7.9 Anna arbeid

For arbeid som ikkje er nedfelt i gebyrregulativet, og for arbeid som skal fakturerast etter medgått tid skal det nyttast **timepris på kr 990**. Meirverdiavgift skal leggjast til.

7.10 Ekstraarbeid ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32

Ved pålegg etter plan- og bygningslova kap 32 vert arbeid fakturert etter medgått tid. Minimumssats er 2 timar. Gebyret vert fakturert adressat for pålegget.

7.11 Ufullstendig søknad

Ekstraarbeid ved ufullstendig søknad vert fakturert etter medgått tid. Gebyr for mangelbrev:

Tiltak utan ansvarsrett	kr 540 pr brev.
Tiltak med ansvarsrett	kr 1 080 pr brev

7.12 Tilsyn

Tilsyn vert gjennomført for tilfeldig valde prosjekt kvart år, samt prosjekt der kommunen har fått klager/meldingar om avvik. Gebyr blir fakturert etter medgått tid som eit tilleggsgebyr til ordinært byggjesaksgebyr. Ved behov for innleige av sakkyndig bistand vert kostnaden med dette innkravd frå tiltakshavar.

7.13 Opplysningar til meglar

I samband med sal av eigedommar er meglar pliktig å innhente opplysningar om eigedommen. Slike førespurnader til kommunen medfører ein del arbeid. Arbeidet blir fakturert etter medgått tid, til vedteken timepris. Minimumsgebyr pr førespurnad er kr 1 980,-.

7.14 Urimeleg gebyr

Dersom storleiken på gebyret vert klart urimeleg i høve til det arbeid og kostnader kommunen har med saka, eller gebyret av andre grunnar er urimeleg, kan kommunen fastsetje passende gebyr. Regulativet kan berre fråvikast ved spesielle høve.

7.15 Klage

Storleik på gebyra (gebyrregulativet) er fastsett av kommunestyret, og dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. Kap. VII i forvaltningslova. Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

7.16 Meirverdiavgift

Det skal ikkje betalast meirverdiavgift på gebyr for teneste etter gebyrregulativet, med unntak av gebyr etter medgått tid.

7.17 Gebysatsar

	GAB	Tiltakkl.1	Tiltakkl.2	Tiltakkl.3
Bustader:				
a) Einebustad og våningshus	111,113	11600*		
b) Einebustad med hybel-/sokkelhusvære	112	14300*		
c) Tomannsbustad, vertikaldelt og horisontaldelt	121,122	20000*	36800*	
d) Basisgebyr rekkjehus, hybelhus, einebustader i kjede, bustadblokk 2 et., småhus med 3 eller fl. bueiningar Tilleggsgebyr pr bueining	131,133, 141,144, 136	11900* 8300*	22800 11400	
Til og påbygg, ombygging pkt. a) – d)				
<50 m ² bruttoareal		2700	4500	
>50 m ² bruttoareal		4500	9100	
m) Bustadblokk på 3 og 4 etasjar	142,145	45100	67800	90200
n) Terrassehus	135	45100	67800	90200
o) Annan hustype	136	45100	67800	90200
Til- og påbygg pkt. m) – o)				
< 50 m ² bruttoareal		4900	8400	
> 50 m ² bruttoareal		9100	12300	
Ombygging pkt. m) – o) < 50 % av tot areal		25300	34800	
Ombygging pkt. m) – o) > 50 % av tot areal		45100	67800	

Andre tiltak på bustad-/næringseigedom

Fasadeendring/vindauge Pbl.§20-1 c), basisgebyr Tillegg pr. fasade utover første		2400 600		
Tekniske installasjonar Pbl. §20-1 f)		2400	4500	6500
Støttemur/innhegning/gjerde/støyskjerm Pbl. §20-1 a), h) og k)		2400	4500	
Skilt/reklame Pbl.§20-1j) jf. §§11-9/30-3/SAK§4-1nr3		2400		
Større skiltplan Pbl. 93g) jf. §§11-9/30-3		2800		
Graving/sprenging/fylling/terrengendring og veg, Pbl. §20-1 k) og l), basseng/brønn/dam		2400	4500	9100
Lett flytebrygger, anlegg <12 m, Pbl.§ 20-1 a)		2900**		
Molo, masseuttak m.m. Pbl. §20-1 a) og k), jf. §30-4		2900	5200	
Varige konstruksjonar, kai o.l, Pbl. §20-1 a) og k)		5200	17200	22800

Andre nybygg med ansvarsrett

a) Garasje, uthus, anneks, naust <70 m ² BRA/BTA	181-183	2900	5200	
b) Garasje, uthus, anneks >70 m ² BRA/BTA	181-183	4900	8900	10900
c) Hytte/fritidshus	161	11600*		
d) Seterhus/sel (enkel standard)	171	8800		
e) Bustadbrakker, anna bustadbygging, brakker	193,199	4900	8900	
Til- og påbygg a) – e)		2400	3500	

Industri og lagerbygg

a) Fabrikk eller verkstadbygning utan kontor	211,212	13600	27200	41200
b) Fabrikk eller verkstadbygning m/kontor	211,212	20400	34100	55000**
c) Bygning for renseanlegg eller vassforsyning	214,216	13600	27200	41200
d) Kraftstasjon, annan industribygning	221,219	13600	27200	41200
e) Transformatorstasjon/annan energiforsyningsbygn	223,229	2900	4000	
f) Lagerhall, garasjebygg, kjøle- og fryselager <100 m ²	231,239	7600	13600	27200
g) Lagerhall, garasjebygg, kjøle- og fryselager >100 m ²	231,239	13600	27200	41200
Til- og påbygg/ombyggingar a) – g)				
Minimumsgebyr <100 m ²		6000	12300	27200
100 m ² < areal > 1000 m ²		11900	25300	41200
Areal > 1000 m ²		16300	27200	41200

Kontor, forretningsbygg og bygg for samferdsle

a) Kontorbygg og administrasjonsbygg		311	27200	41800	56100
b) Varehus og andre butikkbygg		321	27200	41800	56100
c) Ekspedisjonsbygg og terminalar		419	27200	41800	56100
f) Bensinstasjon		323	27200	41800	56100
g) Anna bygg for kontor-, forr.- el samf.		319,390	27200	41800	56100
Tilbygg- og påbygg pkt. a) – g)					
Minimumsgebyr areal < 100 m ²			6000	11800	27200
100 m ² < areal > 1000 m ²			12300	25300	37900
Areal > 1000 m ²			16300	27200	41800
Ombygging pkt a) – g) < 50% av totalt areal			9700	18500	27200
Ombygging pkt a) – g) > 50% av totalt areal			14100	21100	34700

Hotell og restaurantbygg

a) Hotell	511,519	51500	85500	117400
b) Motell, hospits, persjonat, vandrarheim, appartement	512,521	28600	56100	97900
c) Camping/utleiehytte	524	8800	14100	21200
d) Restaurant, café, kantinebygg, gatekjøkken, anna	531-533	22800	30800	46400
Til- og påbygg pkt a) – d)				
Minimumsgebyr areal < 100 m ²		6000	11800	27200
100 m ² < areal < 1000 m ²		11800	24700	37600
Areal > 1000 m ²		16300	27200	41000
Ombygging pkt a) – d) < 50 % av total areal		9700	18500	27200
Ombygging pkt a) – d) > 50 % av total areal		20600	22800	41800

Bygg for offentleg og privat teneste

a) Bygg for undervisning/forskning	611		51400	92700
b) Sjukehus/aldersheim/sjukeheim	721		70700	112000
c) Barnehagar	612	28000	42200	
d) Omsorgsbustadar		35200	70700	

Bygg for offentlig og privat teneste (forts.)

e) Kyrkje/gravkapell og liknande	671	15500	46500	77000
f) Samfunnshus/forsamlingshus	662		73300	112000
g) Teater/kinobygg	661		73300	112000
h) Idrettsbygg	651		42200	77000
i) Garderobebygg areal < 500 m ²	651	5900	11900	27200
Andre bygg (idrett)	659		42200	77000
Til- og påbygg a-i: Min.gebyr < 100 m ²		3300	6200	6200
100 m ² < areal < 1000 m ²			24700	35800
Areal > 1000 m ²			27200	42200
Ombygging pkt. a) – i) < 50 % av totalt areal		9800	18400	27200
Ombygging pkt. a) – i) > 50 % av totalt areal		20800	23100	42200

Bygg for jordbruk, fiske og fangst (søkn.)

a) Driftsbygningar	241	13400	27200	
b) Annan landbruksbygning	249	4900	7200	10900
c) Seterhus/sel		3300	6100	
Til- og påbygg a) – c): Min.gebyr < 100 m ²		2400	3500	
100 m ² < areal < 1000 m ²		3300	6000	
Areal > 1000 m ²		6200	11900	
Ombygging pkt. a) – c) < 50 % av totalt areal		2400	4600	
Ombygging pkt. a) – c) > 50 % av totalt areal		4900	8400	

Revidert søknad/tilleggssøknader (mindre endringar)

Basisgebyr		2900	7100	10000
Det skal reknast gebyr tilsvarende 20 % av gebyret for den enkelte bygningstypen, minimum basisgebyr				

Mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve (ferdigattest er inkludert i gebyret for titaket)	1800
---	------

Riving

Mindre bygning (garasje, uthus, fjøs) pr. bygning		2900		
Einebustader, større bygg		4900	7100	10000

Frådelingssaker

	< 2 daa	> 2 daa
Deling pbl. §20-1 m), etter reguleringsplan/till.areal	2400	4200
Deling pbl. §20-1 m), uregulert område	4200	7400

Godkjenning av føretak, lokal godkj.

Lokal godkjenning, jf. SAK §11-4, 6.ledd		4300		
Sjølvbyggjar; kun eigen bustad m.m.		3300		

Utomhusplanar/opparbeiding (pr. plan)

Areal < 5000 m ²		4200		
Areal > 5000 m ²		8400		

Søknad utan ansvarsrett

§ 20-4a) Mindre tiltak på bebygd eigedom	2400
§ 20-4b) Alminnelege driftsbygningar i landbruket	2400
§ 20-4c) Mellombelse bygningar, konstruksjonar eller anlegg	2400
§ 20-4d) Andre mindre tiltak (t.d flytebyggje < 8m)	2400

Førehandskonferanse

2.gongs førehandskonferanse, og ytterlegare konf.		2400	4100	5800
---	--	------	------	------

Dispensasjonssøknader - gebyr pr. tilfelle

Formål i plan (utan å sende til høyring)		3200	
Utnytting, plassering, høgde og andre forhold i reg. føresegnene (utan å sende til høyring), pr tilfelle		2400	
Dispensasjon frå reguleringsplan/føresegner som krev høyring/politisk handsaming		8400	
Avstandskrav, vegopparbeiding		2400	

Overtredingsgebyr, jf. §17-1 i byggjesaksforskrifta

Tvangsmulkt etter pbl. §32-5 vert fastsett i kvar enkelt sak

8. Handsaming av plansak (plan- og bygningslova kap 12)

Gebyret er vedteke med heimel i plan- og bygningslova §33-1. Gebyret er auka med 3 %.

	2017	2018	2019	2020
Oppstartsmøte for reguleringsplan, pbl. §12-8, blir fakturert etter gjennomført oppstartsmøte (krav utsendt med referat)	5600	6000	6200	6400
Planspørsmål – politisk handsaming av planspørsmål (blir trekt frå basisgebyret dersom planframlegg innan 1 år)	5100	6000	6200	6400
Reguleringsplan/detaljreg, basisgebyr:				
Enkel sak (hyttefelt/bustadfelt i samsvar med overordna plan og som ikkje medfører konflikt i høve til natur, landskap, friluftsliv og kulturminne)	24000	30000	30800	31700
Middels komplisert sak (t.d strir med overordna plan)	60000	75000	77000	79300
Komplisert sak (Planområde over 10000 m ² , planar med vesentlege verknader for miljø og samfunn og planar som medfører krav om planprogram og/eller konsekvensutgreiing)	107000	135000	139000	143170
For endring og oppheving av reguleringsplan gjeld same gebyr som for utarbeiding av ny plan pbl. §12-14.				
Mindre vesentleg endring av reguleringsplan, jf. pbl. §12-14, 2.ledd (nytt gebyr 2019 etter endring i pbl.)			18000	18500
Handsaming av planprogram, etter medgått tid og evt. utgifter til fagkunnig bistand. Minstegebyr		10000	10300	10600
Konsekvensutgreiing – dersom kommunen er godkjenningsskyldig for søkjaren si konsekvensutgreiing etter forskrift om KU skal det betalast gebyr etter medgått tid og utgifter som kommunen har til fagkunnig bistand.				
Avbrotten plansak – gebyret vert utrekna etter medgått tid				
Planforslag som vert endra etter forslagsstillar sitt ynskje eller i samband med motsegn etter fremja planforslag for planutvalet - 25 % av basisgebyret ved kun avgrensa høyring - 50 % av basisgebyret ved ny varslingsfull høyring				
Digitale plandata/sosifil (nytt gebyr 2020)				1300
Timepris for arbeid etter medgått tid (mva kjem i tillegg)	910	935	960	990

Gebyret skal dekke arbeidet Bremanger kommune har med søknaden. Kravet til fagleg utarbeidde og framstilte planar skal gjelde fullt ut. Tiltakshavar dekkar kostnadane til dette, samt kopiering, annonsering og liknande i førekant av søknad, oppdatering/kopiering under handsaming av planer og oppdatering etter endeleg planvedtak.

8. GEBYRREGULATIV ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§32 i lova og §16 i forskrift) er auka med omlag 3 % (avrunda til næraste 100 kr/10 kr) for 2020.

8.1 Oppretting av matrikkeleining

8.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Areal frå 0-300 m ²	kr 14 560,-
301-2000 m ²	kr 20 540,-

For areal over 2000 m² aukar gebyret med kr 1 670,- pr påbegynt dekar.

8.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Gebyr for matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn vert fakturert etter medgått tid.

Minstegebyr kr 4 550,-

Krev forretninga måling i terrenget skal gebyret fakturerast som for oppretting av grunneigedom, punkt 8.1.1.

8.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Areal frå 0-50 m ²	kr 7 600,-
51-250 m ²	kr 9 850,-
251-2000 m ²	kr 12 260,-

For areal over 2000 m² aukar gebyret med kr 810 pr påbegynt daa.

8.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr for oppretting av anleggseigedom vert fakturert etter medgått tid.

8.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

8.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Som 8.1.1, 8.1.2, 8.1.4 og 8.1.5. I tillegg kjem tilleggsggebyr for å utføre oppmålingsforretning.

8.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 8.1.1 før oppdrag er påbegynt i felt. Når arbeidet er påbegynt i felt vert gebyr sett til 2/3 av gebyrsatsane etter 8.1.1.

8.3 Grensejustering

8.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedommar justerast med inntil 5 % av eigdommen sitt areal (maksimalgrense er sett til 500 m²). Ein eigedom kan ikkje avgje areal som overstig 20 % av arealet til eigdommen før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklasser gjelde.

Areal frå 0-250 m ²	kr 7 600,-
250-500 m ²	kr 9 850,-

8.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av volumet til anleggseigdommen, men den maksimale grensa vert sett til 1000 m³.

Gebyr for grensejustering av anleggseigedom vert fakturert etter medgått tid.

8.4 Arealoverføring

8.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Før arealoverføring ver matrikkelført skal godkjend takst og erklæring frå panthavar leverast kommunen av rekvirenten.

Gebyr vert fakturert som punkt 8.1.1 med tillegg for eventuell ekstra tidsbruk etter medgått tid.

8.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleining skal utgjere eit samanhengande volum. Gebyr vert fakturert etter medgått tid.

8.5 Kartlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning.

Gebyr for eitt grensepunkt	kr 4 120,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	kr 1 120,-

8.6 Kartlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar.

Gebyr for eitt grensepunkt	kr 7 100,-
For overskytande grensepunkt, pr punkt	kr 1 630,-

Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid etter punkt 8.10.

8.7 Betalingstidspunkt

Gebyret skal krevjast inn forskotsvis.

8.8 Forandring i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret oppretthalde.

8.9 Utskriving av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 210,-
Matrikkelbrev over 10 sider	kr 410,-

8.10 Timepris.

Timekostnaden skal dekke både direkte og indirekte kostnader, og skal såleis dekke brutto lønnskostnader, forbruksmateriell, reisekostnader, forholdsvismessig del av utstyr- og inventarkostnader, kontorutgifter, husleigekostnader, opplærings-/utviklings-/fråværs- og administrasjonskostnader.

Gebyr pr time er **kr 990** for 2020. Mva kjem i tillegg. Minimumsgebyr er to timesatsar.

8.11 Klage

Enkeltvedtak etter dette gebyrregulativet kan påklagast. Klageinstans er Fylkesmannen.

Klage på gebyrfastsetjing eller søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje utsetting av betalingsfrist.

Det er ikkje høve til å klage på kommunestyret sitt vedtak om gebyrregulativ. Ved klage skal regelverket etter forvaltningslova fylgjast.

8.12 Tilleggskostnad

I dei tilfella eit oppdrag må ta stilling til eksisterande, men ikkje koordinatfesta grenser, kjem tillegg i gebyr etter medgått tid for påvising av grensene i terrenget.

9. Gebyr for tenester etter lov om eigarseksjonering §7

Eit rettsgebyr er pr 2019 kr 1 150. Regulering av rettsgebyret vert gjort av staten.

- Saker som krev synfaring: 5 x rettsgebyr for kommunen si handsaming
- Saker utan synfaring: 3 x rettsgebyr for kommunen si handsaming
- For reseksjonering skal det for kommunen si handsaming betalast fullt gebyr i samsvar med punkt a) og b).
- Ved ny handsaming av avslegen søknad innan tre månader etter dato for avslag skal halvparten av tidlegare betalt gebyr komme til frådrag. Ved ny søknad på seinare tidspunkt skal det betalast fullt gebyr.

Gebyr for tinglysing kjem i tillegg.